

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 102/2003

av 26. september 2003

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og
plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 66/2003 av 20. juni 2003⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2002/878/EF av 6. november 2002 om fastsetjing av prøvetakingsplanar og diagnosemetodar for påvising og stadfesting av blautdyrsjukdommane bonamiose (*Bonamia ostreae*) og marteiliose (*Marteilia refringens*)⁽²⁾, skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2002/879/EF av 4. november 2002 om endring av vedtak 2002/304/EF om dei programma som vert nytta i Finland med sikte på å gje soner status som godkjende med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN)⁽³⁾, skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsvedtak 2002/1005/EF av 23. desember 2002 om andre endring av vedtak 2002/308/EF om utarbeiding av lister over godkjende soner og godkjende oppdrettsanlegg med omsyn til hemoragisk virusseptikemi (VHS) eller infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN) eller begge desse fiskesjukdommane⁽⁴⁾, skal takast inn i avtala.
- 5) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

⁽¹⁾ TEU L 257 av 9.10.2003, s. 4, og EØS-tillegget til TEU nr. 51 av 9.10.2003, s. 3.

⁽²⁾ TEF L 305 av 7.11.2002, s. 57.

⁽³⁾ TEF L 305 av 7.11.2002, s. 59.

⁽⁴⁾ TEF L 349 av 24.12.2002, s. 109.

Artikkel 1

I vedlegg I kapittel I del 4.2 i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 66 (kommisjonsvedtak 2002/308/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32002 D 1005:** Kommisjonsvedtak 2002/1005/EF av 23. desember 2002 (TEF L 349 av 24.12.2002, s. 109).”
2. Etter nr. 67 (kommisjonsvedtak 2002/598/EF) skal nytt nr. 68 lyde:
“68. **32002 D 0878:** Kommisjonsvedtak 2002/878/EF av 6. november 2002 om fastsetjing av prøvetakingsplanar og diagnosemetodar for påvising og stadfesting av blautdyrsjukdommane bonamiose (*Bonamia ostreae*) og marteiliose (*Marteilia refringens*) (TEF L 305 av 7.11.2002, s. 57).

Denne rettsakta gjeld òg for Island.”
3. Etter nr. 52 (kommisjonsvedtak 2002/304/EF) under overskrifta
”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA BEHØRIG HENSYN TIL*”, vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

32002 D 0879: Kommisjonsvedtak 2002/879/EF av 4. november 2002 (TEF L 305 av 7.11.2002, s. 59).”

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2002/878/EF, 2002/879/EF og 2002/1005/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 27. september 2003, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

^(*) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfjerda i Brussel, 26. september 2003.

*For EØS-komiteen
Formann*

Prins Nikolaus von Liechtenstein

Sekretærar for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann